

# #strikkvenstre

## vottar og lue



# Folk først-lue

**Garn:**

Rauma 3 tråds strikkegarn  
1 (2) næster lys grå, farge nr 103  
1 næste mørkgrøn, farge nr 185  
1 næste oransj, farge nr 177

**Pinnar:**

Liten rundpinne nr 3  
Liten rundpinne og strømpepinnar nr 3,5 eller det du treng for å få rett strikkestheit.

**Strikkestheit:**

22m på 10 cm

**Storleikar:**

liten (stor)

Legg opp 98 (110) m med lys grå på liten rundpinne nr 3. Strikk 6 omg (3 riller) fram og tilbake. Auk 10 m jamt fordelt på 6. om slik at du har 108 (120) m på pinnen. Start å strikke diagrammet. No skal du strikke rundt. Merk at 2. omg vert strikka vrangt slik at det blir ei oransj rille nederst på mønsteret. Du kan eventuelt strikke dei 2 første omg i diagrammet fram og tilbake. etter diagrammet held du fram i lys grå til abeidet måler 11 (12) cm. Dersom du vil ha ei meir posete lue strikkar du 5 cm ekstra før du startar fellinga.

Felling: \*2 m r smn, (17) 18 r m, \* repeter frå \* til \* ut omg. Hald fram med å felle slik an-nankvar omg. Det vert 1 m færre for kvar felling. Når det er (7) 8 m mellom kvar felling feller du kvar omg. Klipp av tråden og dra han gjennom resten av m.

**Montering:**

Fest alle lause trådar og sy saman rillene bak på lua. fukt og damp lua i fasong.

**Merk**

Det er lange trådsprang øvst i diagrammet. Fest tråden medan du strikkar ved å tvinne trådane kring kvarandre ca kvar 3-5. maske. Pass på å ikkje tvinne på same stad i kvar omg, så vert det penast.

Alle strikkar ulikt og det er viktig å sjekke strikkestheit. På desse mønstra er det viktig at ei strikkar litt fast.

Bli med og

#strikkvenstre

**VENSTRE**  
Folk først.




## Folk først-lue, stor

- = Rett
- = Vrang
- = Rauma 3tr. Strikkegarn, farge 103
- = Rauma 3tr. Strikkegarn, farge 177
- = Rauma 3tr. Strikkegarn, farge 185



## Folk først-lue, liten

- = Rett
- = Vrang
- = Rauma 3tr. Strikkegarn, farge 103
- = Rauma 3tr. Strikkegarn, farge 177
- = Rauma 3tr. Strikkegarn, farge 185



Du kan laste ned høgoppløyste utgåver av desse oppskriftene på [www.venstre.no/strikkvenstre](http://www.venstre.no/strikkvenstre)

Bli med og  
**#strikkvenstre**

# Folk først-vottar

**Garn:** Rauma 3 tråds strikkegarn  
2 næster grå, farge nr 103  
1 næste mørkgrøn, farge nr 185  
1 næste oransj, farge nr 177

**Pinnar:** Strømpepinnar nr 3,5 eller det du treng for å få rett strikkestheit.

**Strikkestheit:** 22m på 10 cm  
**Storleikar:** dame (mann)

Legg opp 44(48) m med oransj på pinne nr 3,5. Strikk vottane etter diagrammet for dame elle mannevott. Merk at 2. omg vert strikka vrangt. Mennesket og teksten skal broderast på etterpå.

Ved markeringa for tommel set du inn ein merketråd slik: Strikk det gitte masketalet med ein ny tråd i annan farge. Set maskene i annan farge tilbake på pinnen og strikk desse ein gong til med den tråden du hadde (botnfargen). Strikk ferdig votten før du strikkar tommelen. Hald fram etter diagrammet. Når du har 4 m att kuttar du tråden og dreg denne gjennom maskene.

## Tommel:

Strikk tommel ved å plukke opp maskene på kvar side av merketråden og fjerne tråden. Då har du totalt 16 (18) m. Plukk opp 1 m i kva side av tommelopninga for å hindre hol. Desse feller du ved å strikke to m saman på neste omg. Strikk til tommelen målen 6,5 (7,5) cm eller er like lang som tommelen til den som skal ha vottane. På dei 2 neste omg strikkar du to m saman. Kutt tråden og dra denne gjennom maksene

## Montering:

Fest alle lause trådar og broder mennesket og teksten med maskesting etter diagrammet. Det er lettast å få det pent om du broderer ei og ei linje istaden for ein og ein bokstav.

Strikk ein vott til.


## Om strikkestheit:

Alle strikkar ulikt og det er viktig å sjekke strikkestheit. På desse mønstra er det viktig at ei strikkar litt fast. Då vert det også lettare å brodere på etterpå.


Bli med og

#strikkvenstre


Folk først-vottar, mann, venstrevott




Folk først-vottar, mann, høgrevott



Folk først-vottar, dame, venstrevott



Folk først-vottar, dame, høgrevott



Du kan laste ned høgoppløste utgåver av desse oppskriftene på [www.venstre.no/strikkvenstre](http://www.venstre.no/strikkvenstre)

Bli med og  
**#strikkvenstre**